



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Maritim og teknisk komite
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	21.01.2019
<b>Tid:</b>	15:00 – 18:00

---

### Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leder	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Anja Pedersen	Medlem	FRP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Runar Stave	Nestleder	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP

---

### Forfall:

Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK/SP

---

### Varamedlemer som møtte:

--	--	--

---

### Andre:

Avdelingsleiar utvikling Ole Magne Rotevatn  
Byggesakshandsamar Frank Robert Stenersen

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:  
Ole Brubakk og Runar Stave

### Skriv delt ut i møte:

MTK-sak 15/19

Notat datert 21.01.19 – status i sak 2018/392 – Frode Berg Tjervåg

### Orienteringar:

Planleggar Tanja Rafteseth orienterte om status for kommunedelplan for trafikktrygging.

Maritim og teknisk komite ynskjer å få ei liste over gjennomført trafikktryggingsprosjekt til neste møte.

Maritim og teknisk komite fekk ei orientering om referatskriv 9/19 – rutine for høyring av råd og komitear i plansaker.

Ole Brubakk

Idar Kjell Tarberg  
underskrifter

Runar Stave

---

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Protokoll frå førre møte.
PS 3/19	Delegerte saker
PS 4/19	Referatsaker
PS 5/19	Lokal forskrift om nedgravde oljetankar i Herøy kommune
PS 6/19	Janne Merete Myrvågnes og Rune Grande 48/5 - dispensasjon oppføring av bustad i LNF
PS 7/19	Svanhild Helde 40/13 - Dispensasjon deling av eigedom
PS 8/19	Torgeir Voldsund 16/73 - dispensasjon - tiltak utviding sjøbud
PS 9/19	Halvard Leine - 25/96 - Utlegging av flytebrygge
PS 10/19	Otto Bjarne Sandvik - 59/3 - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og PBL §1-8 vedr utlegging av flytebrygge
PS 11/19	Klage på MTK-sak 73/18 - dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå PBL § 1-8 strandsonevernet med sikte på bygging av molo på gnr 40, bnr 17 i Herøy kommune
PS 12/19	Klage på MTK-sak 74/18 - dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, tiltak i LNF-område og dispensasjon frå strandsonevernet, jf PBL § 1-8 - med sikte på bygging av molo, flytebrygge og naust på gnr 29, bnr 87 i Herøy kommune
PS 13/19	Klage på MTK-sak 53/18 - 26/162 og 19 - Dispensasjon frå reguleringsplan - Tiltak tomannsbustader - endring av gitt løyve
PS 14/19	Klage på MTK-sak 54/18 - Lampholmen AS 26/263 - Dispensasjon frå reguleringsplan - Tiltak tomannsbustader - endring av gitt løyve
PS 15/19	Per Myrvågnes 47/4 Dispensasjon - Tiltak kai og flytebrygge Referatsaker

## **Referatsaker**

- RS 2/19 Referat frå møte i ungdomsrådet  
18.06.2018.
- RS 1/19 Referat frå møte i ungdomsrådet  
23.05.2018.
- RS 3/19 Referat frå møte i ungdomsrådet  
18.04.2018.
- RS 4/19 Referat frå møte i ungdomsrådet  
19.09.2018.
- RS 5/19 Referat frå møte i ungdomsrådet  
21.11.2018.
- RS 6/19 Referat frå møte i ungdomsrådet  
24.01.2018
- RS 7/19 Referat frå møte i ungdomsrådet  
21.03.2018.
- RS 8/19 Kommunedelplan for Helse og omsorg -  
utlegging til offentlig ettersyn
- RS 9/19 Rutine for høyring av råd og komitear i  
plansaker

### **Delegerte saker frå avdelingane**

- DS 2/19 Handelsbygg Holding as - 38/2 - IG 2  
Råbygg
- DS 3/19 Svein Hugås - 45/188 - 2 mannsbustad
- DS 4/19 Ferdigattest - 30/129
- DS 5/19 Villa Smolt as - 60/426 - Tilbygg
- DS 6/19 Frøystad grendalag 20/43 - Ferdigattest
- DS 7/19 Tømrer Prosjekt AS 29/346 - Ferdigattest
- DS 8/19 Gunnar Aspevik 48/86 - Løyve til  
rehabilitering av skorstein
- DS 9/19 Hildur Lilleøy 56/8 - Løyve til rehabilitering  
av skorstein
- DS 10/19 Sunnmøre jordskifterett - 5/3 og 5/55 -  
Frådeling
- DS 11/19 Ferdigattest - 31/34 - støyskjerm
- DS 12/19 Andreas Klungsør 54/1 Tiltak naust -  
løyve til tiltak
- DS 13/19 Villa Smolt AS 60/349 - Midlertidig  
bruksløyve for deler av bygg
- DS 14/19 Ferdigattest - 37/492 seksjon 1
- DS 15/19 Rune Herskedal 4/253 s.nr. 1 -  
Ferdigattest
- DS 16/19 Ferdigattest - fritidsbustad - 44/129
- DS 17/19 Herøy kommune - 34/84 - Demontering  
løfteplattform
- DS 18/19 Aud Karin pettersen - 60/262 - tilbygg
- DS 19/19 Øyvind Sørensen - 83/25 -  
skorsteinsrehabilitering
- DS 20/19 Lars Gunnar Larsen - 53/5 - Marina anlegg  
38 båtplassar
- DS 21/19 Ferdigattest - 12/187 - vassmålerhus
- DS 22/19 Ferdigattest - 34/84 - rullestolrampe
- DS 23/19 Ferdigattest - 60/454 - oppdimensjonering  
anlegg overvatn
- DS 24/19 Olav Ståle Voldsund - 26/8 -  
Fasadeendring
- DS 25/19 Herøy kommune - 29/162 - Frådeling av  
tilleggsareal
- DS 26/19 Hildur Lilleøy 56/8 - Ferdigattest
- DS 27/19 Hjalmar Jacobsen 60/152 - Løyve til

- rehabilitering av skorstein
- DS 28/19 Ferdigattest - 60/247
- DS 29/19 Løyve til bygging av ridebane på 78/3,4
- DS 30/19 Vedtak om løyving av fellestiltak av tilskot til Særskilde Miljøtiltak i jordbruket på gnr. 3 bnr. 5 og gnr. 3 bnr. 8.
- DS 31/19 Ferdigattest skorsteinrehabilitering - 83/25
- DS 32/19 Herøy kommune - 22/38 - Planering av tomt
- DS 33/19 Vegard Fiksdal og Ingvill Frantzen - 22/72 - Frådeling
- DS 34/19 Ferdigattest - tilbygg- 14/31
- DS 35/19 Ferdigattest - 40/82 - einebustad 84A
- DS 36/19 Anita Lyngre Gjølringbø - 44/19 - riving del av bygg
- DS 37/19 Vedtak om løyving av tilskot til Særskilde Miljøtiltak i jordbruket på gnr. 3 bnr. 3 i Herøy kommune.
- DS 38/19 Vedtak om konsesjon på erverv av gnr. 16 bnr. 138
- DS 39/19 Vedtak om løyving av tilskot til drenering av jordbruksjord på bruket Bø-Indre gnr. 16 bnr. 3 i Herøy 1515
- DS 40/19 Thomas Spiro - 13/114 - Einebustad
- DS 41/19 Per Hugo Torvik 24/100 - Einebustad - løyve til tiltak
- DS 42/19 Myrvåg helsesenter AS 45/142 45/116 Tiltak natursteinsmur/betongkant - løyve til tiltak
- DS 43/19 Kristine Helde og Sverre Ytrebø Rødset 4/330 Fasadeendring - løyve til tiltak
- DS 44/19 Stian Jøsok 86/11 tiltak garasje/reiskapshus med liten bueining i 2. etasje - løyve til tiltak
- DS 45/19 Åse-Lill Bjørneset 27/29 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 46/19 Ragnvald L. Vågsholm 33/97 og 33/98 og Kjellaug Vågsholm 33/3 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 47/19 Kay Terje Myklebust m/fl. 29/13 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 48/19 Henry Steinsvik 44/1 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak

- DS 49/19 Magnus Enerhaug 76/32 Tiltak - garasje - løyve til tiltak
- DS 50/19 Kjartan Sundnes 17/3 Tiltak driftsbygning - endring av gitt løyve
- DS 51/19 Herøy byggsenter AS 36/97 seksjon 9 - ferdigattest
- DS 52/19 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom midlertidig bruksløyve kjølerom
- DS 53/19 Astorplast AS 22/66 Tiltak tilbygg - ferdigattest
- DS 54/19 Marine Harvest AS 38/8 utviding trafikk- og parkeringsareal - igangsettingløyve del 2
- DS 55/19 Per Mulvik AS 86/52 - rammeløyve - ferdigattest riving
- DS 56/19 Vedtak om konsesjon på erverv av gnr. 16 bnr. 139

## **PS 1/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 2/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 3/19 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelinga låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 4/19 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelinga låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 5/19 LOKAL FORSKRIFT OM NEDGRAVDE OLJETANKAR I HERØY KOMMUNE**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

1. Forslag til forskrift vert lagt ut på høyring.
2. Høyringsfristen vert fastsett til 2 mnd. etter handsaming i formannskapet



## **PS 6/19 JANNE MERETE MYRVÅGNES OG RUNE GRANDE 48/5 - DISPENSASJON OPPFØRING AV BUSTAD I LNF**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

Maritim og teknisk komité (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og frå jordlova § 9 vert gjeve dispensasjon for omdisponering av inntil 2 dekar dyrka mark og arealføremål i arealdelen av kommuneplanen i høve oppføring av einebustad og frittliggande garasje i område satt av til LNF på gnr. 48 bnr. 5.

Janne Merete Myrvågnes og Rune Grande får dispensasjon til å føre opp einebustad med frittliggande garasje på gnr. 48 bnr. 5 som omsøkt i søknad om dispensasjon med vedlegg datert 19.03.2018.

Vilkår for dispensasjonen:

1. Før byggesak kan godkjennast må støyforhold rundt eigedomen være avklart og eventuelle nødvendige støyskjermingstiltak må avklarast der.

## **PS 7/19 SVANHILD HELDE 40/13 - DISPENSASJON DELING AV EIGEDOM**

### **Møtebehandling:**

Det vart halde synfaring i saka.

H, Idar Tarberg kom med slikt nytt framlegg:

Maritim og teknisk komite vedtek med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 gir MTK dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel og jordlova § 12 og gir løyve til frådelling av eigedom til uendra bruk(bustad/LNF) frå gnr. 40 bnr.13

Svanhild Helde får dispensasjon til å dele frå eigedom til uendra bruk(bustad/LNF) som omsøkt i søknad om dispensasjon med vedlegg datert 23.08.2018.

Dispensasjonen er gitt som følge av at Maritim- og teknisk komite kan ikkje sjå at å dele frå eigedomen til uendra bruk(bustad/LNF) vil dette tilsides det plankravet i arealdelen av kommuneplan og jordlova § 12 er meint å ivareta.

Eigedomen er delt frå til uendra bruk(bustad/LNF) og er ikkje byggeklar. Reguleringsplankravet gjeld fortsatt for eigedomen og området satt av til LNF vil det ikkje bli gitt løyve til bygging eller liknande.

Framlegget frå Idar Tarberg vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

Maritim og teknisk komite vedtek med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 gir MTK dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel og jordlova § 12 og gir løyve til frådeling av eigedom til uendra bruk(bustad/LNF) frå gnr. 40 bnr.13

Svanhild Helde får dispensasjon til å dele frå eigedom til uendra bruk(bustad/LNF) som omsøkt i søknad om dispensasjon med vedlegg datert 23.08.2018.

Dispensasjonen er gitt som følge av at Maritim- og teknisk komite kan ikkje sjå at å dele frå eigedomen til uendra bruk(bustad/LNF) vil dette tilsides det plankravet i arealdelen av kommuneplan og jordlova § 12 er meint å ivareta.

Eigedomen er delt frå til uendra bruk(bustad/LNF) og er ikkje byggeklar. Reguleringsplankravet gjeld fortsatt for eigedomen og området satt av til LNF vil det ikkje bli gitt løyve til bygging eller liknande.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

## **PS 8/19 TORGEIR VOLDSUND 16/73 - DISPENSASJON - TILTAK UTVIDING SJØBUD**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

Maritim og teknisk komité (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå følgande:

- Plan- og bygningslova § 1-8 – bygge og deleforbod i strandsona
- Krav om reguleringsplan i arealdelen av kommuneplan.
- Arealføremål hamn i arealdelen av kommuneplan.

Torgeir Voldsund får dispensasjon til å bygge om og utvide naust på gnr. 86 bnr. 11 i høve teikningar sendt inn saman med søknad datert 17.08.2018.

Med følgande vilkår for dispensasjon:

1. Naustet skal framstå som lager og det skal ikkje leggst til rette for varig opphald i naustet.
2. Det skal ikkje være målbart areal på loftsetasje, himling må senkast til 1,89 cm.
3. Naustet kan ha opp til 60m<sup>2</sup> grunnflate.
4. Vindaugsareal reduserast til maks 3 % av golvareal på grunnflate.

## **PS 9/19 HALVARD LEINE - 25/96 - UTLEGGING AV FLYTEBRYGGE**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i plan og bygningslova § 20-4 (PBL) vert gitt løyve til etablering av flytebrygge på gnr. 25, bnr 96 som omsøkt.

Kystverket har i brev av 14.11.2018 , med heimel i hamne og farvasslova § 28 (HFL) gitt løyve til utlegging av flytebrygge på gnr 25, bnr 96.

### **Vilkår:**

- Tiltaket må utførast i samsvar med dei vilkår framsette av Kystverket sitt vedtak av 14.11.2018

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

## **PS 10/19 OTTO BJARNE SANDVIK - 59/3 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL OG PBL §1-8 VEDR UTLEGGING AV FLYTEBRYGGE**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå tiltak i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL. §§ 19-2 og 1-8, med sikte på utlegging av flytebrygge på gnr. 59 bnr. 3 i Herøy.

Dispensasjonen er grunngjeven med at det på staden allereie er eit landfeste på staden og løyvet vert gitt mellombels utan tidsavgrensing. Tiltaket vil heller ikkje privatisere strandsona eller vere til hinder for fri ferdsel i området.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**PS 11/19 KLAGE PÅ MTK-SAK 73/18 - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG FRÅ PBL § 1-8 STRANDSONEVERNET MED SIKTE PÅ BYGGING AV MOLO PÅ GNR 40, BNR 17 I HERØY KOMMUNE**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

Maritim og teknisk komite kan ikkje sjå at innkomne klage inneheld nye moment i høve til det som låg føre då dei gjorde eit vedtak om å gi dispensasjon i MTK-sak 73/18, den 19.11.2018.

Klagen vert difor ikkje teken til følgje og Maritim og teknisk komite stadfestar vedtak i MTK-sak 73/18, av 19.11.2018.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

**PS 12/19 KLAGE PÅ MTK-SAK 74/18 - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL, TILTAK I LNF-OMRÅDE OG DISPENSASJON FRÅ STRANDSONEVERNET, JF PBL § 1-8 - MED SIKTE PÅ BYGGING AV MOLO, FLYTEBRYGGE OG NAUST PÅ GNR 29, BNR 87 I HERØY KOMMUNE**

**Møtebehandling:**

H, Marthe Vågsholm Sævik reiste habilitetsspørsmål då ho er gjenbuer til omsøkt nabotomt. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet. Marthe Vågsholm Sævik vart samrøystes kjend habil.

H, Idar Tarberg kom med slikt nytt framlegg:

**Punkt 1:**

Maritim og teknisk komite gir løyve til etablering av flytebrygge med 2+2 båt plassar på gnr. 29 bnr 87 jfr. Pbl. Parg.1-8 og 19-2. Forutsetninga for løyveter at ein halverer lengde på flytebrygga. Dispensasjonen er grunngiven med at tiltaket vert gitt mellombels og utan tidsavgrensing. Tiltaket vil heller ikkje privatisere strandsona eller vere til hinder for fri ferdsel i området.

MTK opprettheld sitt avslag på etablering av molo.

**Punkt 2:**

Maritim og teknisk komite imøtekjem delvis klagen frå tiltakshavar inn mot dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og tiltak i strandsona pbl §1-8 med sikte på bygging av naust på eigedomen gnr 29, bnr 87.

Vilkår for dispensasjon: naust må oppførast i samsvar med føresegnene for naust i kommuneplanen sin arealdel.

Dispensasjonen er grunngjeven med at nye opplysningar frå tiltakshavar syner at det er tenkt ei nausttomt nr 4 i vidareføring av det området som er avsett til AN i kommuneplan sin arealdel. Sjølv om dette no ligg som LNF område vil eit naustbygg her ikkje vesentleg tilsidesette føremålet i plan – tomta vert liggande tett opp til eit område som er avsett til naust, det er veg fram til tomta og tiltakshavar sitt gamle naust er blitt reve som følgje av dom i jordskifteretten.

Framlegget frå Idar Tarberg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

#### **Punkt 1:**

Maritim og teknisk komite gir løyve til etablering av flytebrygge med 2+2 båtplassar på gnr. 29 bnr 87 jfr. Pbl. Parg.1-8 og 19-2. Forutsetninga for løyveter at ein halverer lengde på flytebrygga. Dispensasjonen er grunngiven med at tiltaket vert gitt mellombels og utan tidsavgrensing. Tiltaket vil heller ikkje privatisere strandsona eller vere til hinder for fri ferdsel i området.

MTK opprettheld sitt avslag på etablering av molo.

#### **Punkt 2:**

Maritim og teknisk komite imøtekjem delvis klagen frå tiltakshavar inn mot dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og tiltak i strandsona pbl §1-8 med sikte på bygging av naust på eigedomen gnr 29, bnr 87.

Vilkår for dispensasjon: naust må oppførast i samsvar med føresegnene for naust i kommuneplanen sin arealdel.

Dispensasjonen er grunngjeven med at nye opplysningar frå tiltakshavar syner at det er tenkt ei nausttomt nr 4 i vidareføring av det området som er avsett til AN i kommuneplan sin arealdel. Sjølv om dette no ligg som LNF område vil eit naustbygg her ikkje vesentleg tilsidesette føremålet i plan – tomta vert liggande tett opp til eit område som er avsett til naust, det er veg fram til tomta og tiltakshavar sitt gamle naust er blitt reve som følgje av dom i jordskifteretten.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**PS 13/19 KLAGE PÅ MTK-SAK 53/18 - 26/162 OG 19 - DISPENSASJON FRÅ  
REGULERINGSPLAN - TILTAK TOMANNSBUSTADER - ENDRING AV GITT  
LØYVE**

**Møtebehandling:**

H, Marthe Vågsholm Sævik reiste habilitetsspørsmål då ho er gjenbuer til omsøkt nabotomt. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Marthe Vågsholm Sævik vart samrøystes kjend habil.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

Maritim og teknisk komité (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon som omsøkt i søknad om dispensasjon med vedlegg datert 13.11.2018.

Lampholmen AS får dispensasjon til å føre opp 2-mannsbustad på gnr. 26 bnr. 162 og 19. Dispensasjon gjeld:

1. Utnyttelsesgrad 32,6 %
2. Forstøtningsmurer
3. Takform endrast frå saltak til flatt tak, med mønehøgde + 21,1 moh.

Dispensasjonen er grunngjeven med tiltakshavar/søkar har tilpassa prosjektet i høve klage frå naboane. Tiltaket er senka i terrenget og har endra takkonstruksjon i høve dialog med klager. Dette medfører også at høgde på støttemurer må aukast.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**PS 14/19 KLAGE PÅ MTK-SAK 54/18 - LAMPHOLMEN AS 26/263 -  
DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN - TILTAK TOMANNSBUSTADER -  
ENDRING AV GITT LØYVE**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

Maritim og teknisk komité (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon som omsøkt i søknad om dispensasjon med vedlegg datert 13.11.2018.

Lampholmen AS får dispensasjon til å føre opp 2-mannsbustad på gnr. 26 bnr. 263  
Dispensasjon gjeld:

4. Utnyttelsesgrad 32,6 %
5. Forstøtningsmurer
6. Takform endrast frå saltak til flatt tak, med mønehøgde + 21,1 moh.

Dispensasjonen er grunngeven med tiltakshavar/søkar har tilpassa prosjektet i høve klage frå naboane. Tiltaket er senka i terrenget og har endra takkonstruksjon i høve dialog med klager. Dette medfører også at høgde på støttemurer må aukast.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stila til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

## **PS 15/19 PER MYRVÅGNES 47/4 DISPENSASJON - TILTAK KAI OG FLYTEBRYGGE**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding/Vedtak i Maritim og teknisk komite - 21.01.2019**

Maritim og teknisk komité (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 – bygge- og deleforbud langs sjø og vassdrag og krav om reguleringsplan i arealdelen av kommuneplanen for oppføring av trekai og utlegging av flytebrygge på gnr. 47 bnr. 4.

Per Myrvågnes får dispensasjon til å føre opp trekai med tilhøyrande flytebrygge på gnr. 47 bnr. 4 som omsøkt i søknad om dispensasjon med vedlegg datert 02.08.2018.

Dispensasjon for flytebrygge er mellombels utan tidsavgrensing.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stila til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

**MØTET SLUTT!**